



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Agro Business Park SA
v/ Sigmund Vereide
Postboks 300
6821 Sandane

Dykkar ref

Vår ref
12/3081-2

Dato
21.12.2012

Statsbudsjettet 2012 - Kap. 552, post 72 - Tilsagn om tilskot på inntil 240 000 kroner til Agro Business Park SA, Næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal Ivo

Tilsegningsnummer: 12262085

Vi viser til:

- Omtale av Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar i Prop. 1S (2011-2012)
- Utlysing av Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar
- Søknad frå Agro Business Park SA

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette eit tilskot på inntil 240 000 kroner til prosjektet *Næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal Ivo* i regi av Agro Business Park SA.

Målet med tilskotsordninga- Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar (VSP park)

Målet med ordninga er auka verdiskaping og næringsutvikling i avgrensa landskapsområde. Vi er opptekne av at satsinga på lokale og regionale parkar skapar læring, merksemd og engasjement kring lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling (Distriktssenteret) vil ha ei rolle i arbeidet med parkane, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Prosjektansvarleg bør bruke www.distriktssenteret.no. Det er ein viktig portal for å finne erfarings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt som kan vere relevant.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
<http://www.krd.dep.no/>

Kontoradresse
Akersg. 59
postmottak@krd.dep.no

Regionalpolitisk avdeling
Telefon 22 24 90 90

Sakshandsamar
Julie Nåvik Hval
22247042
Org no. 972 417 858

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av satsinga på parkar. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Vi ynskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mål for prosjektet

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart i 2009 vedtatt verna. Arbeidet med vern av området dekker 394 kvadratkilometer i Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde. Det er nyleg oppretta ei styringsgruppe for næringsutvikling for Naustdal/Gjengedal landskapsvern og omegn som representerar grunneigarane i landskapsvernområde. Målet med prosjektet er at kommunane saman skal undersøkje ulike moglegheiter for å skape næringsutvikling i landskapsvernområdet og næraste omegn (bygder og dalar med tilhøyrande randområde).

Forstudiet skal opne breitt og hente inn impulsar og idear for kva som kan ha potensial av idear til å bli eit næringsretta utviklingsprosjekt. Eit anna viktig mål med forstudiet er å byggje formelle samarbeidsstrukturar og utvikle ein felles forståing av måloppnåing og krav til samarbeid på tvers av kommunegrenser.

Kostnadsoverslag

Prosjektet har eit totalbudsjett på 530 000 kroner. KRD løyver 240 000 kroner over kap. 552, post 72 i 2012. Følgjande budsjett ligg til grunn for tilsegna:

Kostnadar	SUM
Møtelokaler/matutgifter, reiser/overnatting, studietur	120 000
Eige arbeid grunneigarar/deltakande partar	40 000
Kjøp av prosjektleiingssressursar	250 000
Sekretariat/adm styringsgruppe	90 000
Rekneskap/revisjon	15 000
Diverse utgifter forstudie	15 000
SUM	530 000

Vi gjør merksam på at tilskot ikkje kan løyvast til tiltak som innebér at ein eller fleire marknadsaktørar får ein økonomisk fordel og som kan tenkjast å vere konkurransevridande eller påverke samhandelen i EØS. Det blir ikkje løyvd støtte til drift, til utvikling av verksemder, direkte støtte til næringsverksemd eller til fysiske investeringar. Det kan ikkje gis støtte til å dekke kostnadar i prosjektet som kan kallast statsstøtte etter EØS-reglane. Slike kostnadar vil bli halde utanfor tilskotsgrunnlaget. Det gis ikkje støtte til arbeid som er sett i gang eller ferdigstilt før søknaden er handsama i KRD.

Tilhøvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Agro Business Park SA i denne sammenhengen ikkje driv økonomisk aktivitet og at organisasjonen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen si forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg støtte kjem difor ikkje til bruk på dette tilskotet.

Vi ber Agro Business Park SA vere merksam på at om organisasjonen vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må Agro Business Park SA halde seg til reglane om offentleg støtte.

Agro Business Park SA bør også vere merksam på at dersom det blir gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å vere økonomisk. I slike tilfelle vil reglane om offentleg støtte komme til bruk.

Vilkår for utbetaling av midlar:

1. Agro Business Park SA må innan 30. januar 2013 stadfeste overfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskotet blir mottatt i tråd med vilkåra i dette brevet. Tilbakemeldinga til departementet må også innehalde opplysningar om kva for kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som fører til endringar i prosjektet sitt totale budsjett eller innretning, må godkjennast av departementet.
3. Støttmottakar har ansvar for at ev. innkjøp som blir gjort med midlar frå KRD følgjer reglane om offentlege innkjøp. Støttmottakar skal opplyse om dette i budsjettet og rapportere ved krav om utbetaling av midlar.
4. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapet skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilskotet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i det omfanget og med dei kostnadene som er oppgitt i søknaden, vil departementet redusere tilskotet tilsvarande.
5. Departementet kan krevje tilbakebetalt midlar som tidlegare er utbetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10 år.
6. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller den departementet gir mynde til det, kan krevje informasjon frå tilskotsmottakar og sette i gang kontroll med at midlane blir nytta i tråd med føresetnadane. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12. Støttmottakarar har plikt til å oppgje dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmyndigheit til, forlangar.

Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er eit sentralt mål for verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar. Difor ber vi dykk leggje vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Mal til rapporteringsskjema finst i word-format på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/regional_og_distriktpolitikk/regionalt-utviklingsarbeid/utlysning-verdiskapingsprogram-for-lok.html?id=699538.

Vi ber om at den fyrste, årlege rapporten blir sendt til departementet seinast 1. oktober 2013.

Utbetaling

For å få midlar må prosjektet be Kommunal- og regionaldepartementet om å gjere ei utbetaling (utbetalingsanmodning).

Utbetalinga blir som hovudregel gjort i to omgangar.

1. Tilskot blir utbetalt etter oppmoding og tilsendt dokumentasjon av faktiske utgifter (etterskot). Delutbetalingar på til saman inntil 50% av tilskotet er mogleg. Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.
2. Den siste delen av tilskotet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, sluttrapport og eventuell revisorstadfesta rekneskap (sjå punkt 4) er sendt inn.
3. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekneskap.
4. I tillegg skal revisorstadfesta rekneskap leverast av:
 - a) Private tilskotsmottakarar som tar imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sin uttale ved revisjonsoppdrag med særskilte formål.
 - b) Offentlege tilskotsmottakarar som tar imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sin uttale ved revisjonsoppdrag med særskilte formål.
5. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast 1. desember 2014.
6. Prosjekteiger har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld også det finansielle ansvaret.

Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sendt til postmottak@krd.dep.no:

- Stadfesting på at prosjektet blir gjennomført og at medfinansiering er på plass
- Kontonummer og oppmoding om utbetalingar (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Rapport (innan 1. oktober 2013)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegnnummeret som står øverst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret oppgitt på utbetalingsblanketten.

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing

Kristin Nakken (e.f.)
avdelingsdirektør

Julie Nåvik Hval
rådgjevar

Kopi til:
Distriktsenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelingen

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur